

**Referat****19.10.17****Møte i Foreldra sitt arbeidsutval ved Hafslo barne- og ungdomsskule torsdag  
19.oktober 2017 kl. 19.00-20.30**

Tilstades: Anita Sjøthun, Carolin Ruud, Bjørn Anild Grindhaug, Lisbeth Skjerven, Hilde H. Selland, Jan Ølnes, Karita Nes, Elin Anette Hillestad og Eli Kjos Wenjum

Forfall: Kai Inge Cirotzki, Oddfrid Bergfjord, Randi Kvamme og Vivian Kvam

**Sakliste:**

1 /17-18: Godkjenning av møtebok

- Møtebok godkjent

2/17-18: Val av leiar, nestleiar og skrivar i FAU.

Leiar: Jan Ølnes

Nestleiar: Carolin Ruud

Skrivar: Lisbeth Skjerven

- Møteplan:

**Møtedatoar for FAU 2017/18**

Onsdag 20.09.17 (FAU repr. og klassekontaktane)

Torsdag 19.10.17

Tysdag 13.02.18

Onsdag 25.04.18

**Møtedatoar for SU 2017/18**

Torsdag 02.11.17

Onsdag 07.03.18

Tysdag 08.05.18

- 3/17-18: Val av foreldrerepresentantar med personleg vara; 3 stk. til SU/SMU  
Jan Ølnes, Bjørn Arild Grindhaug og Oddfrid Bergfjord  
Vara: Eli Kjos Wenjum, Elin Anette Hillestad og Carolin Ruud
- 4/17-18: Ordensreglement
- Skulen har vedteke at siste veka i kvar månad er mobilfri
  - Mobilreglementet vert sak på neste SU/SMU møte
  - Ordensreglane skal reviderast kommunalt
- 5/17-18: Revidering av handboka
- Diskusjon kring kulepunkt nr 14 under klassekontaktane. «Merksemd til skulen ...» Vedtak: Kulepunktet blir utan endring.
  - Leiar meiner at Handbok for foreldrerepresentantar Hafslo barne og ungdomsskule må løftast fram frå skuffa, og takast i bruk.
  - Klassekontaktane må lese og bruke den. Denne ligg lett tilgjengeleg på skulen si heime side.  
<http://www.luster.kommune.no/getfile.php/3612135.1686.faswquytfid/Handbok.docx.as.pdf>
  - Innspel om at FAU-representanten treng ein vara. Dette vart diskutert av dei som var tilstades. FAU tek dette opp når håndbboka skal reviderast, etter at den har vore aktivt i bruk dette skuleåret. Årsaka til at FAU-representanten ikkje lenger har vara er fordi ein ynskjer faste representantar som er oppdaterte på kva som vart diskutert på tidlegare møte. I det vedtaket som vart gjort for nokon år tilbake vart det framheva at FAU-representanten som vart valt bør melde seg frivillig, slik at dei prioriterer å stille på møta. I år er møtedatoane lagt til ulike dagar, ikkje ein fast tysdag.
- 6/17-18: Julefesten
- Det vart teke ein gjennomgang på tilbakemeldingane i frå alle klassane. I nokon av klassane er det fåe tilbakemeldingar, men fleirtalet av tilbakemeldingane ynskjer alternativ 1.
  - Karita Nes og Anita Sjøthun skal delta i julefestkomiteen i lag med ein representant frå administrasjon og ein frå dei tilsette.
  - Listene frå i fjor og ei oppsummering av arbeidet vert sende til julefestkomiteen v/Karita og Anita.

- **Det er FAU som skal organisere det sosiale etter framsyninga, ikkje skulen.** For nokre år sidan kom representanten i julefestkomiteen tilbake på FAU-møtet og informerte om at det var lite å gjere på det møtet. Administrasjonen v/B hadde alt klart. Etter dette har FAU prøvd å ta tilbake arbeidet som skulen har utført for FAU i fleire år.
- **FAU vart informert om evaluering av julefesten i fjor:**
- Julefesten er eit arrangement som foreldre på skulen arrangerer i samarbeid med skulen.
- Skulen hjelper til med låse opp og låse att skulen.
- Skulen er med i planleggingsgruppa, dei siste åra har det vore 2-3 frå FAU, ein representant frå administrasjonen og ein lærer som er med på arr/underholdningen- og er tilstades om kvelden.
- Innkjøp av koppar, serviettar, julenissepose og brus har til nå skulen stått for.
- FAU - representantane i julefestkomiteen har sett opp dugnadsliste og sendt ut bakelister til klassekontaktane.
- Det som har vært viktig å ta omsyn til med oppsett av dugnadsliste er;
  - o Kven har barnehagebarn (desse familieane er ikkje sett opp på rydding etterpå).
  - o Om ein veit at nokon er åleineforeldre så vert dei sett på bakeliste, og ikkje pynting og rydding.
  - o Ein prøver å fordele baking og dugnad slik at alle bidreg.
- Utfordring i fjor med at foreldre gikk heim og ikkje var med på rydding.
  - o Foreldre må ha nøyaktig beskjed om kva som skal gjerast og f.eks kor ein finn ting. Sjøppelsekker, kvar ein skal rydde, kva ein skal rydde slik at ikkje nokon foreldre/ansatte ved skulen skal gå rundt etter arrangementet og fortelje kva som skal ryddast. Her må julefestkomiteen lage ei meir detaljert liste.
- Nokon i kvar klasse må ha ansvar for å ta av folie på kaker etter førestillinga. Dette må spesifiserast på dugnadslista.
- Det var for lite kaffi i fjor. Kanskje ein bør ha minst 2 kanner kaffi på kvar som står på arbeidslista til føre- og etterarbeid? Men lurt at foreldre tok med seg heime ifrå, slik at ein slapp kaffikoking på skulen.
- Det tek litt tid å lage dugnadslistene. Lurt med tidleg planleggingsmøte. Dei siste åra har vi sett på klasselistene og fordelt oppgåver. Vi har ikkje kopiert frå året før.
- Ingen klassekontakter eller FAU-representantar har vore sett opp på dugnad eller bakeliste siste to åra. Dei gjer sin dugnad i jobben som foreldrerep. (Denne må jo ikke følges, men ble bestemt fordi det tidligere år kun var FAU og klassekontakter som ofte var på disse arbeidslistene med føre- og etterarbeid).
  - o FAU bestemte vel då at ALLE foreldra må bidra til denne festen med litt meir enn kakebaking.

- Det er fleire i FAU som har hatt kakebaking på julefesten dei siste to åra, dette viser kor vanskeleg det er å setje opp listene, og kor mykje arbeid det er for å få dugnaden jamnare fordelt. Men det må kanskje til, for å få kakelistene til å «gå opp».
- Ein ting som er litt trist, er at dei som rydda i fjor kasta svært mange brusflasker som det berre var drukke ein slurk av. Dette var vel en av grunnen til at vi ville ha saft i staden for brus. Eit forslag kan vere å ha muggar med saft og store 1,5 L flasker med brus og pappkoppar.
- Obs. ved godteposeplanlegging må ein ta omsyn til laktoseintolerante, dei med cøliaki, nøtteallergi mm. Det er viktig for barna at godteposane er like og at det er nok til alle. Dette er arbeid som er «overtake» av skulen. Elevane på eit klassetrinn (6.kl) pakkar godteposane.
- Det kom forslag om at i staden for kaker og bollar, bør ein vurdere om ein skal skrive eit fat med mat på «Bakelista».
- Julefestkomiteen bør vurdere organiseringa av foreldrebetalinga, og om den skal vere frivillig.

#### 7/17-18: Vedlikehald og bruk av uteområdet og samfunnsbygget

- Det er berre Hafslø barne og ungdomsskule og Luster oppvekstsenter som har eigen budsjettpost for utstyr til samfunnsbygg. Den er ikkje stor nok til å dekke utgiftene det medfører.
- Skulen ynskjer ikkje å ha driftsansvar for samfunnsbygget.
- Skulen kan ikkje søke om nærmiljøtiltak.
- Det er mange brukarar av samfunnsbygget og uteområdet. Barnehagane, Danseverkstad, Kulturskulen, 4H, Bygdelaget, Hafslø idrettslag, foreldre og skulen og andre leigetakarar av bygget.
- Slitasjen på bygget og området er stor. Punkterte vindauge, vasslekasje, mose på tak/møne, nettingen ned mot vatnet er dårleg. Borda og stolar i samfunnsbygget er slitne og til dels øydelagde.
- Skulen betalar straum, utstyr, reinhald, vedlikehald av utstyr og inventar, dagleg drift som td grasklipping.
- Barken i Klatreparken skal vendast med jamne mellomrom, og den skal skiftast ut om eit års tid.
- Skulen har hittil i år betalt 600000 kr i straum.
- Bygningsmassen er som følgje av utbygging utvida, men budsjettet til drift er ikkje auka. (Det som skal dekke utgifter til for eksempel straum, toalettpapir, tørkepapir, såpe, boning etc)
- Leiar i FAU føreslår at rektor kallar ein del av brukarane inn til eit møte om å danne eit «Husstyre» for Samfunnsbygget. Rektor kallar inn til møte i november. Innkalling vert sendt til leiar i Hafslø

Barnehage, Gamlestova barnehage, FAU, Idrettslaget, Bygdalaget, Teknisk Etat og Eigedom i kommunen, med kopi til oppvekstsjef.

- Det er ikkje noko budsjett for kaffikanner, kaffitraktar + andre ting som vart kjøpt inn tidlegare for overskot frå 17.mai komiteen i 10.klasse.

8/17-18: Ymse

- Helsesøster
  - o Informasjon om når og kvar helsesøster er tilgjengeleg på skulen bør vere lett tilgjengeleg på heimesida til skulen.
- Oppfordring til å ikkje ha diskusjon på Facebook-sidene til klassane.
  - o Kull-sidene er informasjonskanal frå kontaktlærarane til foreldra. Det er småsteget (1.-4.kl) som har sider i regi av kontaktlærarane. Andre klassar har ulik praksis. Skulen bør ha ein felles mal for kva dei kallar sidene som er i regi av kontaktlærarane og felles retningslinjer.
  - o Det er komme tilbakemelding om at nokon av sidene har hatt innlegg med diskusjon, der det har vore usakleg og uønska kommentarar.
  - o Innlegg, informasjon og andre relevante saker høyrer til på desse sidene.
  - o Alle bør kanskje tenke folkeskikk når dei kommenterar.

Referent:

Lisbeth Skjerven